

Notat

Dykkar dato:	Vår dato:	22.11.2021
Dykkar ref:	Vår ref:	2021/608 -
	Arkiv:	12920/2021
	Sakshandsamar:	150 Trond Salmo

Til:
Formannskapet

Rådmannen sine svar til ordfører

Tilleggsproposisjon, statsbudsjettet:

Ny berekning av barnevernsreform – særskilt fordeling

Fredag 19. november publiserte KMD ny berekning for den særskilt fordelte delen av barnevernsreforma. Fitjar får 698 000,- (opphavleg 0,-) meir i rammetilskot i åra 2022 – 2024.

Spørsmål frå ordfører 18. november:

1. Spørsmålet gjeld om barnetrygda skal reknast som inntekt ved utrekning av sosialhjelp. Kan me få eit estimat på kor mange barn dette gjeld, og kor mykje sosialhjelpa evt. må aukast i budsjettet dersom barnetrygda ikkje skal reknast med i inntektsgrunnlaget.

Svar:

I 2021 har det vore 9 barnefamiljar som har søkt om sosialhjelp, dette utgjer ein kostnad på omlag kr 29 400,- per måned; om ein ikkje berekna inn barnetrygda som inntekt. Tal familjar som søker varierer litt, då familieinntekta kan variere frå måned til måned.

Dersom alle familiane vil søkje sosialhjelp pr. mnd. fast vil dette utgjere om lag kr 350 000,- pr. år.

2. Spørsmålet gjeld symjebassenget på Rimbareid med tanke på babysymjing, rehabilitering m.m. Toler anlegget høgare temperatur, og kva vil det i så fall kosta å varma opp bassenget til 34 grader C ein dag i veka?

Svar:

Symjebassenget ved Rimbareid er av eldre dato, og det er ikkje kartlagd kva belastning anlegget toler. Ei auke- og nedjustering av temperatur vil gje auka slitasje, og det lyt i så tilfelle påreknast auka tilsyn og vedlikehald. Det vil og verta ein auke i bunden klor (forureining).

Leverandør opplyser at ei oppvarming av bassenget til 34 grader ta fem dagar, det same vil nedjusteringa til normaltemperatur etterpå. Med 10 dagar temperaturjustering for ein dag med tilrettelagt bading vert det praktisk vanskeleg å gjennomføre i kombinasjon med normal bruk.

Basert på dette er det ikkje føreteke noko utrekning av kostnaden ved forslaget. Rådmannen vil ikkje anbefale å bruke bassenget til babysymjing og rehabilitering med temperatur på 34 C.

3. Kommunestyret løyvde kr. 500.000 ekstra til lærebøker i budsjettet for 2021. Er denne summen brukt til lærebøker, og er summen som er sett av i rådmannen sitt budsjett for 2022 stor nok til at me har oppdaterte læremidlar i skulen?

Svar:

Så langt pr 18.11.2021 er 462.218 av dei 500.000,- kronene som kommunestyret «øyremerkte» til lærebokkjøp brukt opp. Resten av beløpet er sett i bestilling.

Rådmannen har ikkje funne rom for å løyva nye kr 500.000,- til lærebokkjøp i 2022; tiltaket står på lista over passive tiltak som er oversendt til formannskapet.

Det samla behovet for nye læreverk i alle fag til alle elevane vil kunna kosta om lag kr 2 mill. Det knyter seg noko usikkerheit til dette talet, då nokre læreverk er ikkje ferdige, kostnadane ikkje er avklart, og det er ein ikkje fastsett fordeling av digitale og analoge læremiddel.

4. Mange foreldre har meldt frå om at dei har behov for barnehage og SFO dei vekene som desse tilboda held sommarstengt her i Fitjar. Dette er noko me ynskjer å sjå nærare på, t.d. ved at ein av barnehagane kunne hatt eit slikt tilbod ope for alle som har behov. Er det råd å gje eit anslag på kva eit slikt tiltak vil kosta å driva i fire veker, eller bør ein ta opp ei eiga sak om dette temaet?

Svar:

Ei endring i tråd med det føreslegne vil vera praktisk mogleg å gjennomføra, men økonomisk svært krevjande. Særleg gjeld dette for barnehage. Delar av forslaget krev politisk handsaming.

For SFO er kostnaden med sumaropent (på ein skule) estimert til om lag kr 120 000,-.

For barnehage med sumaropent (fire veker, ein barnehage, redusert drift) er kostnaden med estimert til kr 250 000,- inkludert auke i tilskot til dei private barnehagane. Dette alternativet er ikkje tilrådeleg verken frå eit økonomisk eller fagleg perspektiv.

SFO

Reknar ei opningstid frå kl. 08.00 – 15.30, med 10 – 12 barn. Må ha to vaksne:

- 37,5 t * kr 330 pr time * 2 =	kr 24.750,-
- Reinhold 2 t kvar dag = 10 t *kr 276 pr time=	kr 2.760,-
- <u>Straum + forbruksmateriell</u>	<u>kr 2.000,-</u>
- <u>Samla kostnad pr veke</u>	<u>kr 29.510,-</u>

Samla kostnad med SFO ved at ein av skulane vera open om sommaren i 4 veker: 118.040,-.

Vedtektene må justerast dersom kommunestyret ynskjer ei slik ordning. Foreldrebetaling for ei ekstra veke med SFO må kommunestyret fastsetja.

Prisen for ein ekstra dag i dagens vedtekter er sett til kr 360,-. Dette vil bli for høg sats for ei ekstra veke. Samla kr 1.800,-. Andre kommunar har ein sats på om lag kr 1.250. Dersom 10 barn er med på ordninga vil dette kunna gje ei inntekt på kr 12.500,-. Lite truleg at så mange har eit behov.

Barnehage

Opningstid frå 06.45 – 16.45, redusert drift og bemanning. Overslag frå nabokommunar viser ein kostnad på om lag kr 85.000,- (hovudsakleg lønskostnadar). I tillegg vil dette for Fitjar føre til auke i tilskot til dei private barnehagane på kr 340.000,-. Samla kostnad kr 425.000,-. Dette estimatet er truleg for høgt.

Ein samla kostnad, inkludert tilskot til dei private barnehagane er truleg i storleiken kr 250 000,-.

Reint praktisk er det vanskeleg å sjå føre seg eit samarbeid mellom private og kommunal barnehage om personell og relokalisering av barn. Frå eit fagleg perspektiv er det ikkje tilrådeleg å blanda saman born frå ulike barnehagar.

5. I fleire år har kommunestyret gjort vedtak om at nye bustader skal ha halv eigedomsskatt dei første 10 åra. Er det råd å seia kor stor sum denne rabatten utgjer i redusert inntekt for kommunen kvart år?

I 2021 var denne rabatten på 344 000,-. Dette beløpet vil variera noko frå år til år, i takt med talet på nybygde hus.

6. I rådmannen sitt framlegg til budsjett er det rekna at kommunen skal ha omlag 247 mill. i lån i 2021 og 285 mill. i 2022. Kva rentesats er brukt for å budsjettera kostnadane med desse låna?

Me nyttar Kommunalbanken sin prognose som vart publisert 23. september:

Norges Bank-anslag hentet fra Pengepolitisk rapport 3/21					
ÅR	NB anslag styringsrente	NB anslag påslag i pengemarkedet	NB anslag 3 mnd Nibor	Bank margin-påslag på Nibor	Budsjettert lånerente ved bruk av NB anslag
2022	0,86	0,35	1,21	0,60	1,81
2023	1,40	0,35	1,75	0,60	2,35
2024	1,65	0,35	2,00	0,60	2,60
2025	1,70	0,35	2,05	0,60	2,65

Fastrentelån er budsjettert med avtalt rente. For 2022 gjeld dette:

Långjevar	Renteberande gjeld	rente
KBN - fast	kr 11 342 600	2,57 %
KBN - fast	kr 21 943 340	1,71 %
KLP - fast	kr 17 582 669	2,60 %
KLP - fast	kr 16 100 000	2,53 %
HB - fastrente	kr 7 470 577	2,31 %

7. Det er fleire som har reagert på at leiligheter i Havnahuset har ei oppseiingstid på tre månader, sjølv om folk døyr medan dei bur der. Me ynskjer å sjå på dei økonomiske konsekvensane av å redusera oppseiingstida til ein måned. Kan me få greie på kor mange små og store leiligheter som for tida er utleigde på Havnahuset, og kva månadsleiga er for dei ulike leilighetene?

Svar:

Det er til saman 23 leilegheiter som vert leigd ut på Havnahuset. Der det er 8 små og 15 store leilegheiter. Leigekostnad pr mnd. på små leilegheiter er kr 4 100,-, og leigekostnad for store dei leilegheiter kr 7 500,- pr mnd.

I løpet av eit år er det utskifting på om lag 5 leigetakarar. Å redusera oppseiingstida frå tre til ein måned vil gje inntektssvikt på om lag 65 000 (snitt).

Med helsing

Svein Dale Soleng
Konst. rådmann